



## Notat

Dato: 17.11.2017  
Arkivsak: 2017/938-19  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Samarbeid om bysykkelordning

På møte i MISA den 08.06.17 sette **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** fram slikt oversendingsforslag:

#### «Samarbeid om bysykler

Bergen har ventet i 12 år på bysykler, og fra 2018 er endelig en permanent ordning på plass, takket være byrådet og byrådspartiene. Flertallspartiene i fylkestinget vedtok et verbalpunkt i fylkesbudsjettet for 2016 at fylket skal samarbeide med Bergen for å få på plass bysykler.

Bysyklene skal delvis finansieres med brukerbetaling. MISA ønsker svar på om det er mulig å innlemme ordningen i skyss-kortet.

MISA ber om at administrasjonen, i samarbeid med Bergen kommune, utreder ulike modeller for et slikt samarbeid, og at vi får en sak til behandling i god tid før den permanente ordningen er på plass i 2018.»

Fylkesrådmannen kan opplysa fylgjande:

Samferdselsavdelinga og Skyss er i dialog med Bergen kommune om framtidige mobilitetsløysingar, der bysyklar er ein viktig del. Korleis ein skal handtere brukarbetaling, bestilling og informasjon er viktige spørsmål, som må setjast i samanheng med rollefordelinga mellom dei ulike aktørane i eit mobilitetsperspektiv.

Det konkrete spørsmålet gjeld ei mogleg integrering av betaling for bysyklar mot Skyss-kortet. Nærare 70 prosent av dei reisande vel i dag å nytte mobilbillett, og alt tyder på at dette talet vil halde fram med å stige. Ikkje minst vil den planlagde omlegginga av takstsonesystemet i Hordaland føre til endå fleire brukarar av mobilbillett, når dette tilbodet vert tilgjengeleg også utanfor sone Bergen. Dagens billetteringssystem i Bergen og Hordaland er ei dyr løysing samanlikna med mobilbilletten, og ein ser for seg at heile det reisekortbaserte systemet vil bli fasa ut i løpet av ein periode på nokre år. Ei kopling mot Skyss-kortet er i dette perspektivet derfor ikkje tenleg.

Som del av samarbeidet med Bergen kommune vil ein også sjå på korleis ein kan gjere bysykkel og andre tilbod tilgjengeleg for dei reisande, i kombinasjon med kollektivtilbodet. Ein må syte for gode system for mellom anna bestilling, fordeling av inntekter og spørsmål knytt til personvern. I dag synast mobile løysingar mest aktuelle, men ein må også vere open for at ny teknologi kan gi nye moglegheiter også på dette området.

Fylkesrådmannen vil neste år legge fram ei eiga politisk sak der spørsmål knytt til kombinert mobilitet og digitalisering vil verte adressert, og moglege integrasjonar mot bysykkelordning og andre tiltak vil bli omtalt i denne saka. Samstundes vil ein halde fram kontakten med Bergen kommune for å sikre at tilbodet mot dei reisande vert så saumlaust og godt som mogleg på tvers av ulike tilbod.